



KOPI

Lindås kommune
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/3254 - 17/34017

Saksbehandlar:

Per Sveinar Morsund

Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:

30.11.2017

Løyve til etablering av borehol - gbnr 188/737 og 188/808 Gjervik ytre

Administrativt vedtak. Saknr: 571/17

Tiltakshavar: Lindås kommune

Ansvarleg søkjar: Norconsult AS

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av borehol med utslagspunkt på gbnr 188/737 og 188/808.

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid, samt opparbeiding av mellombels tilkomstveg. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Det vert elles vist til søknad motteken 25.10.17 og supplert 23.11.17.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Trong for tilleggskomplett dokumentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 03.11.17. Dokumentasjon vart motteken ved brev frå ansvarleg søkjar 23.11.17.

Sakshandsamingsfristen er forlenga med den tida det har teke å supplere søknaden. Fristen er 3 veker frå søknaden var komplett for handsaming.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i områdeplanen for Knarvik sentrum er definert som offentlig eller privat tenesteyting.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.
Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan motteke 23.11.17.

Tilkomst og terrenghandsaming

Det skal etablerast mellombels tilkomst til utløpspunkt for borehol.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Tilkomst og terrenghandsaming

Det må etablerast ein mellombels tilkomst i forbindelse med etablering av borehol og gjennomføring av boring. Etter at tiltaket er ferdigstilt skal tilkomstveg tilbakeførast slik terrenget såg ut før tiltaket vart igangsett.

Privatrettslege tilhøve

Det ligg føre avtale om overtakelse av areal og samtykke til etablering av borehol slik det er søkt om.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve i eit-trinn for etablering av borehol og mellombels tilkomstveg på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan motteke 23.11.17 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Etter at etablering av borehol er gjennomført skal tilkomstveg fjernast og areala skal tilbakeførast slik det såg ut før igangsetting.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 17/3254

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås kommune

Felles postmottak 5914

ISDALSTØ

Kopi til:

Kvernhusmyrane
20

Mottakarar:

Norconsult AS
Norconsult AS

Postboks 626 1303
Postboks 1199 5811

SANDVIKA
BERGEN

KOPPI